



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheian
Postboks 24
4748 RYSSTAD

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
2018/7205

Dato
23.10.2018

Svar på høyring - besøksstrategi for SVR

Me syner til høyringsbrev datera 18. august 2018, og ber om orsak for seint svar.

Fylkesmannen meiner at det er gjort eit solid og godt arbeid med besøksstrategien, og vi stiller oss bak hovudtyngda av vurderingane som er gjort i strategien.

Det kjem fram av strategien at verneverdiane og verneformålet skal vege tyngst i avgjerder der andre interesser som tilrettelegging kan gå ut over verneverdiane. Og det er gjort mange gode vurderingar kring dei ulike tiltaka i planen. Fylkesmannen saknar likevel ei samanstilling og vurderingar av den samla belastinga som er i verneområda, og ei vurdering av tolegrensa for nye tiltak og auka besøk. Vi råder til at det blir tatt inn ei slik analyse før den endelege strategien føreligg. Vi råder òg til at figurer, tabellar og kart får nøyaktige figurtekster, slik at dei kan lesast utan bakgrunnskunnskap om innhaldet. Fylkesmannen vil òg spille inn at Berg i Valle kommune er ei naturleg innfallsåre som kanskje treng eit informasjonspunkt/innfallsport.

Med helsing

Katrine Skajaa Gunnarsli
sjefingeniør

Geir-André Homme
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.
Sakshandsamar: Geir-André Homme, tlf: 37 01 75 38